

201103297-3
Ki/HKA1
312

NVE,

Konsesjonsavdelinga,

Majorstua,

0301 Oslo.

Vedkjem konsesjonssøknad for Bjørneklettbotn Kraftverk i Haugsdalsvassdraget, Masfjorden kommune, Hordaland dagsett 11.mai 2011.

Viser til konsesjonssøknad frå BKK produksjon, dagsett 11.05. 2011, om løyve til å byggja Bjørneklettbotn kraftverk. BKK presenterer dette som eit nytt prosjekt og viser til "Supplering av verneplan for vassdrag" frå 2005 som gjev nye kraftverk under 10 MW fritak frå vurdering i Samla Plan.

Me finn grunn til å gjera NVE merksame på at Bjørneklettbotn Kraftverk er identisk med Haukeland Kraftverk, alt. B4, som vart vurdert i Samla plan alt for 10 år sidan.

Ein ny detalj med prosjektet i høve til då er at inntaket er flytta frå Storevatn til om lag 300 m ned i elva utan at ein taper serleg fallhøgde. Langt meir dramatisk er det at kraftstasjonen som var planlagt bygt i fjell i ubebyggt område, no er flytta lenger ned i ope lende og bebyggt område på Kjetland, noko som gjer prosjektet endå meir konfliktfylt og uakseptabelt. Føremålet med denne endringa er nok å utnytta siste fossen i Haugsdalselva nedanfor Storevatnet, eit vassdrag som er hardt regulert frå før, utan minste vassføring, der storparten av vatnet går til Matre kraftverk. Men det er også nærliggjande å tru at ein med desse endringane, inkludert namneendringa, vil få prosjektet til å framstå som eit nytt prosjekt som då gjev fritak frå Samla Plan-vurdering.

Det er ikkje tilfelle. Som alt nemnd vart, Alt. B4 (Bjørneklettbotn Kraftverk) vurdert i Vassdragsrapport 25 1999, og etter ei omfattande utgreiing og høyring plassert i kategori 2 og kan såleis ikkje konsesjonssøkjast. På denne bakgrunn er BKK sin konsesjonssøknad nokså uforståeleg.

Me kan ikkje sjå nokon grunn til at dette prosjektet treng eller fortener ei ny vurdering med tanke på ei utbygging. Ingen av føresetnadene som låg til grunn for vurderingane og konklusjonen i Samla Plan har endra seg siste 10-året til fordel for utbygging, snarare tvert i mot. Miljøaspektet, som var hovudgrunnen til plassering i kategori 2 står heller sterkare i dag, likeeins den lokale motstanden.


Me bed difor NVE å avslå handsaming av søknaden for Bjørneklettbotn Kraftverk.


Viser elles til kopi frå vassdragsrapport 25, Samla Plan-konklusjon 23.10.2001,

og høyringsuttale frå Masfjorden kommune.Like eins av brev frå underskrivne,dagsett 3.november 2011 til adm.direktør i BKK Atle Neteland der dei negative konsekvensane er gjort grundig greie for.

Kjetland 18.november 2011.

Med helsing


Marita Kjetland


Albert Kjetland

Adresse:Indre Haugsdal 490,5984 Matredal.

Kopi til Direktoratet for Naturforvaltning v/Jarl Koksvik
Masfjorden kommune,v/Ordføraren

3.3.B4 **Utbyggingsplan, alt B4 - Haukeland kraftverk (Storevatnet - Kjetland)**

Bilag 3.1	(B3/B4)	Oversiktstabell
Bilag 3.2	(B)	Oversiktskart 1:50.000
Bilag 3.3	(B3/B4)	Oversiktskart (lokalt)
Bilag 3.4	(B)	Nedbørfelt. Avløp. Magasin
Bilag 3.5	(B3/B4)	Kostnader

3.3.B4.1 Beskrivelse av alternativ

Alternativ til B3, som bare utnytter fallet mellom Storevatnet og Haukelandsvatnet.

Prosjektet utnytter fallet mellom Storevatnet på kote 325,5 gjennom en tunnel ned til Kjetland på kote 68. Anlegget er et fjellanlegg med kraftstasjon i fjell og trykktunnel med jevn helning. Ved Bjørnekletten føres to mindre bekker inn i tunnelen.

3.3.B4.2 Magasin

Magasin	Før regulering	Etter regulering		
	NV [kote]	HRV [kote]	LRV [kote]	Volum [mill.m ³]/[%]
Storevatnet	325,5	326	324,5	1,08/2,2

Storevatnet

Storevatnet reguleres ved å bygge en mindre terskel i utløpet, og ta vannet inn i tunnelen med dykket inntak.

Magasinvolumet er ca 2% av årsmiddelvanntilføringen. Ved normal drift vil vannspeilet ligge på kote 325,5.

3.3.B4.3 Vannveier

Vannet føres inn i en ca 2,25 km lang trykktunnel fra et dykket inntak ved Storevatnet ned til kraftstasjon i fjell. Tunnelen drives med minimumstverrsnitt på nordsiden av Haugsdalen, og med en helning på ca 1:8,5. I inntak monteres en stengeluke.

Det bores grovhull med diameter 0,6 m fra de to bekkene ved Bjørnekletten, ned til tilløpstunnelen.

Videre føres vannet gjennom en ca 1,0 km lang avløpstunnel tilbake til Haugsdalselvi ca 150 m oppstrøms Kjetland.

3.3.B4.4 Kraftstasjon

Kraftstasjonen plasseres i fjell, med en atkomsttunnel på ca 200 m. Påhugget til atkomsttunnelen vil plasseres ca 1 km oppstrøms Kjetland. Det installeres en horisontal Francis turbin, med slukevne $3,2 \text{ m}^3/\text{s}$ og installert effekt på 6,9 MW i stasjonen.

3.3.B4.5 Veier

Avstanden fra eksisterende vei til tunnelpåhuggene vil i alle ender være kort, og grovhullsboringen ved Bjørnekletten vil skje i nærhet av eksisterende vei. Dette medfører kun mindre kostnader til anleggsveier.

3.3.B4.6 Linjebygging

Som for 3.3.B1.6

3.3.B4.7 Plassering av masser

Tunnelmassene vil i utsprengt masse utgjøre i størrelsesorden $80\text{--}90.000 \text{ m}^3$. Massene kan plasseres i tipp mellom vei og elv ved påhugg for adkomsttunnel. Alternativt ved utløpet av Storevatn. Massene deponeres for senere benyttelse.

3.3.B4.8 Massetak

Ikke aktuelt.



Jassdragrapport
nr 28. (999)

Bilag 3.1.B3/B4

Oversiktstabell

Data for kraftverkene etter utbygging

Haukeland kraftverk (Haugsdalselvi)

	Alt. B3	Alt. B4
1. Tilløpsdata		
Nedbørsfelt [km ²]	12.1	13.6
Midlere tilløp [mill.m ³ /GWh]	44.7/13.4	50/31.1
Magasin [mill.m ³ /s]	0.72/1.6	1.08/2.2
2. Stasjonsdata		
Midlere brutto fallhøyde [m]	126	258
Midlere energiekvivalent [kWh/m ³]	0.30	0.62
Maks. ytelse ved midlere fallhøyde [MW]	2.7	6.9
Maks. slukeevne ved midlere fallhøyde [m ³ /s]	2.55	3.17
Bruktid [timer]	4490	4120
3. Produksjon		
Vinterproduksjon [GWh/år]	7.6	18.0
Sommerproduksjon [GWh/år]	4.4	10.5
Årlig produksjon [GWh/år]	12.0	28.6
4. Utbyggingskostnad		
Utbyggingskostnad inkl. 7% rente i byggetida		
Kostnad pr. 1.1.95 [mill. kr]	20.3	51.3
Utbyggingskostnad [kr/kWh]	1.68	1.80
Økonomiklasse	1	1
Byggetid [ca år]	1	2
5. Nedenforliggende verk		
Midlere energiekvivalent [kWh/m ³]	-	-
Økt vinterproduksjon [GWh/år]	-	-
Økt sommerproduksjon [GWh/år]	-	-
Økt årlig produksjon [GWh/år]	-	-

Naturveier. Vassdragsrapport nr 25, 1999
 løysingane. Ein anleggsveg av traktorvegstandard opp til inntaksdammen kan likevel få andre og meir varige sekundærverknader. Dersom skogen i området vert hogd ut, vil røyrkata truleg bli betre synleg og dermed og skjemma som landskapsinngrep.

Konfliktområde: I fyrste rekke røyrkata og anleggsvegen. Inntaksdammen synest å vere av mindre konfliktnivå.

Positive verknader av utbygging: Ingen.

Kompensasjonstiltak: Røyrkata bør gravast ned der det er teknisk mogleg, for å avgrense landskapsinngrepet og også sikre betre passasje for hjort.

4.1.4. Alternativ B3 — Haukeland kraftverk (Storevatnet-Haukeland)

Verdiendring av vassdraget: Inngrepet vil fjerne hovudelva i eit parti med mange fossar og stryk med tilhøyrande framtrekande landskapstrekk. Saman med ei mindre regulering av Storavatnet vil dette redusere verneverdien i Haugsdalsvassdraget, men ikkje i like stor grad som alt. A og B4. Botaniske og faunistiske kvalitetar synest å bli mindre påverka, men konsekvensane her er på ingen måte kartlagde.

Konfliktområde: Storavatnet, samt elvelaupet frå kote 324 nedanfor Storavatnet til Haukeland, som vert lagt i røyr.

Positive effektar av utbygging: Ingen.

Kompensasjonstiltak: Ingen særskilte, men sjå under vilt vedk. viltpassasjer.

4.1.5. Alternativ B4 — Haukeland kraftverk (Storevatnet-Kjetland)

Verdiendring av vassdraget: Dette alternativet vil fjerne vasstrengen i Haugsdalen for ein lengre strekning enn alt. B3, og såleis ha større estetiske og økologiske konsekvensar enn B3. På den andre sida unngår ein røyrgate ned til Haukelandsvatnet. Konsekvensane for Storevatnet vert mykje dei same som alt. B3. Totalt sett medfører alternativet ei vesentleg verdiforringing av naturkvalitetane i Haugsdalsvassdraget.

Konfliktområde: Størst konflikt er knytta til å fjerne vatnet for ei lengre elvestrekning i Haugsdalselva. Inntaket av to mindre bekkar ved Bjørnekletten synest å vere av mindre betydning. Det er positivt å plassere kraftstasjonen inne i fjellet, men plassering av overskuddsmassar kan her verte eit problem.

Positive verknader av utbygging: Ingen.

Kompensasjonstiltak: Kan ein ikkje finne umiddelbar bruk av overskuddsmassane, bør dei deponerast i eit område lenger unna, som frå før er sterkt prega av slike naturinngrep. Eit alternativ kan vere å plante til massedeponeringsstaden og forme denne best mogleg etter terrenget, men det er i motstrid til tankane som er skisserte i utbyggingsplanane.

Samlet Plan

OMRÅDEKLASSIFISERING, FORELØPIG KONSEKVENSKLASSIFISERING, DATAGRUNNLAG

Prosjekt: Haukeland kraftverk (Storevatn - Kjetland)

Alternativ: B4

Vassdrag: Haugsdalsvassdraget

Fylker: Hordaland

Kommune(r): Masfjorden

Maks. ytelse (MW): 6,9

Spesifikk kostnad (kr./kWh): 1,80

Midlere årsproduksjon (GWh/år): 28,6

Økonomiklasse: 1

Brakerinteresse/tema	1. Områdets verdi før utbygging	2. Foreløpige konsekvenser av evt. utbygging	3. Data-grunnlag	4. Merknader
Naturvern	**	Store negative	C	
Friluftsliv	***	Store negative	C	
Vilt	**	Store negative	C	
Fisk	***	Middels negative	C	
Vannforsyning		Små negative	D	
Vern mot forurensning		Små negative	D	
Kulturminnevern	**	Middels negative	C/D	
Jord- og skogbruk		Små negative	C	
Reindrift		Ingen interesser		
Flom- og erosjonssikring		Små negative	C	
Transport		Ingen kons.	C	
Is og vanntemperatur		Små negative	C	
Klima		Små/ingen negative	C/D	


Regionaløkonomi: Ikkje spesielt utgreia

1. **Områdets verdi før utbygging:** Angir en klassifisering av prosjektområdets generelle verdi/bruk sett uavhengig av prosjektet. En slik prosjektuavhengig områdevurdering er et nødvendig utgangspunkt for konsekvensvurdering for flere interesser, f.eks. naturvern og friluftsliv.

Klassifiseringsnøkkel:

**** Meget høy verdi
*** Høy verdi
** Middels verdi
* Liten/ingen verdi

2. **Foreløpige konsekvenser av eventuell utbygging:** Disse konsekvensvurderingene er foreløpige og basert på en vurdering av prosjektet isolert. Konsekvensvurderingene vil/kan for flere interesser/temaer endres når prosjektet vurderes sammen med andre prosjekter i Samlet Plan.
Følgende klassifiseringsnøkkel blir brukt:



3. **Klassifisering av datagrunnlag:**

Følgende klassifiseringsnøkkel blir brukt:

A. Meget godt B. Godt C: Middels D: Mindre tilfredsstillende



FYLKESMANNEN I HORDALAND
Miljøvernavdelinga

Sakshandsamar, innvalstelefon
Atle Kambestad, 55 57 22 12

Vår dato

28.09.2001

Dykkar dato

08.09.99

Vår referanse

97/05591 561.1

Dykkar referanse

99/4094- NATB/TWA

...
Direktoratet for Naturforvaltning
Tungesletta 2
7485 TRONDHEIM

01.10.2001 1999/4049-4
(45)
363.2
✓ 064.42 NATB/TWA/OKS
✓ 067.27

SAMLA PLAN FOR VASSDRAG FRÅSEGNER TIL VASSDRAGSRAPPORT FOR PROSJEKTER I HAUGSDALSVASSDRAGET, ROMARHEIMSVASSDRAGET OG NØTTVEITELV

Ovannemnde vassdragsrapport har vore til høyring i vedkomande kommunar, fylkeskommunen, lokale interesseorganisasjonar, samt utbyggjar. Følgjande instansar og berørte grunneigarar har gjeve fråsegn i saka:

Kommunane Masfjorden, Lindås og Modalen
Hordaland fylkeskommune
Nordhordland Turlag
Vassdragsvener i Nordhordland
Eikanger bygdelag
Romarheim/Vikanes bygdelag
Norsk Ornitologisk Forening, Hordaland
Bergen Turlag
Grunneigarane på Nøttveit
Grunneigarlaget på Romarheim
Otto Dyrkollbotn (grunneigar)
Nordhordland Kraftlag og BKK produksjon AS

OPPSUMMERING AV MOTTEKNE FRÅSEGNER

Masfjorden kommunestyre gjorde i møte den 22 06 00 vedtak om følgjande uttale:

" Masfjorden kommune vil at heile området i Masfjorden kommune vert plassert i kategori 2. "

I saksførebuinga til kommunestyret er det halde fram at verdien til området bør klassifiserast høgare når det gjeld naturvern, friluftsliv, fisk og kulturminnevern. Haugsdalsvassdraget har eit rikt fosselandskap og ligg i nordsona for det einaste området som er klassifisert som "villmarksområde" for denne delen av Hordaland fylke. Området er mykje brukt som turområde. Hyttefeltet ved Storevatnet er viktig i eit populært utfartsområde, og er under vidare utvikling. Haugsdalselva er ei av Hordalands beste sjøareelvar, og skaper ein del av grunneigarane sitt inntektsgrunnlag.

Den gamle ferdselsvegen mellom garden Haukeland og Haukelandsvågen, omtalt frå 1500-talet, er opprusta og inngår som ein del av eit større turprogram i regi av Hordaland og Bergen reiselivsråd.

Merknad

Prosjekt som vedrører Masfjorden kommune er følgjande:

- Alt. A: Haugsdø' vassdraget
- Alt. B1: Storebø (Kvernhuselvi)
- Alt. B2: Kjetl (Dalelvi)
- Alt. B3: Haukeland (Haugsdalselvi frå Storevatn til Haukelandsvatn)
- Alt. B4: Haukeland (Haugsdalselvi frå Storevatn til Kjetland)

Lindås kommunestyre gjorde i møte 22.06.00 følgjande vedtak:

"Lindås kommune går i mot ei utbygging etter alt. A."

Ut frå ei samla vurdering vil Lindås kommune tilrå at alt. B7 Nøttveitelv må plasserast i kategori I – at den må konsesjonshandsamast. Dei andre B- alternativa i Lindås kommune må plasserast i kategori II, - at dei inntil vidare ikkje kan konsesjonshandsamast.

Kommunen tilrår elles at det vert gjort ei tilsvarende økonomisk/samfunnsmessig analyse av bevaring av natur og kulturmiljø for alternativet "ikkje utbygging." Kommunen viser til at fjellområda på båe sider av Romarheimsdalen er i kommuneplanens arealdel klassifisert som "viktige friluft- og turområde". Framtidige inngrep i fjellområda vest for Romarheimsdalen må etter kommunen sitt syn også sjåast i samanheng med tilgrensande vassdrag i vest, Eikefetelva, som er verna mot kraftutbygging (Verneplan II).

Lindås kommune viser til visse miljøulempar ved eventuell utbygging av framlagde prosjekt, men kjem ikkje nærare inn på dei vurderingar som er gjort i vassdragsrapporten.

Merknad

Prosjekt som vedrører Lindås kommune er følgjande:

- Alt. A: Haugsdal ved overføring av felt i Romarheimsvassdraget.
- Alt. B5: Nipa (Romarheimsvassdraget)
- Alt. B6: Romarheim (Romarheimsvassdraget)
- Alt. B7: Nøttveit ved overføring av felt i Eitro (Romarheimsvassdraget).

Modalen kommunestyre gjorde i møte 12.04.00 følgjande vedtak:

"Modalen kommune ønskjer ei eventuell kraftutbygging i Romarheimsvassdraget og Nøttveitelv, alternativ B7 i vassdragsrapporten for Haugsdalsvassdraget, Romarheimsvassdraget og Nøttveitelv. Det vert synt til utfylt høyrings skjema."



Vedlegg i kasset på V 067.22
Direktoratet for **naturforvaltning** ✓

Likelydende brev til:
Nordhordaland Kraftlag
BKK Produksjon AS

24.10.01
Cec

Deres ref.:
10008905

✓ 1999/4049-5
Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
1999/4094 NATB/IN/OKS
Arkivkode:
363.2 V 064.4Z V 067.2Z ✓

Dato:
23.10.2001

Samlet plan for vassdrag – Gruppe- og kategori plassering for prosjekteter i Haugsdalsvassdraget, Romarheimvassdraget og Nøttveitelv, Hordaland

Bakgrunn

Vassdragsrapport for flere prosjekter i Haugsdalsvassdraget, Romarheimvassdraget og Nøttveitelv har vært ute på høring. På bakgrunn av konsekvens- og økonomiklassifisering i vassdragsrapporten ble alle utbyggingsprosjektene foreløpig plassert i kategori I, dvs. at det åpnes for konsesjonsbehandling, knfr. DN's oversendelsessbrev til Fylkesmannen i Hordaland av 08.09.99.

I brev datert 28.09.2001 har fylkesmannen oppsummert innkomne uttalelser og gitt sin tilråding om endelig konsekvensklassifisering. Fastsetting av konsekvens- og økonomiklasse vil, eventuelt justert for lokale holdninger til en utbygging, gi endelig gruppe- og kategoriplassering i Samlet plan.

Kommentarer til vassdragsrapporten

Flere av høringsinstansene har kommentarer til vassdragsrapportens verdi- og konsekvensklassifisering. Fylkesmannen gir i sin oppsummering følgende tilrådinger;

Alt. A, Haugsdal kraftverk: Verdien for friluftsliv flyttes fra middels verdi til høy verdi. Konsekvensene for friluftsliv flyttes fra middels negative konsekvenser til store negative konsekvenser.

Alt. B5 og B7: Verdien for friluftsliv bør settes til middels store negative. Fylkesmannen mener at det kan være aktuelt å heve konsekvensvurderingene også for naturvern fra små til middels

DN slutter seg til fylkesmannens vurderinger knyttet til alt. A, Haugsdal kraftverk. Endret konsekvensklassifisering for friluftsliv fører til at konsekvensklassen endres fra 5 til 6.

For alt B5 (Nipa) og B7 (Nøttveit) vil ikke endret konsekvensvurdering gi noen vesentlig endring i gruppe- eller kategoriplassering. DN vil bemerke at vassdragsrapporten for alt. B5, Nipa, allerede har

Besøksadresse:
Tungasletta 2
Postadresse:
N-7485 Trondheim

Telefon:
73 58 05 00
Telefaks:
73 58 05 01

Videokonf:
73 90 51 40

Internett:
www.dirnat.no
E-post:
Postmottak@dirnat.no

Saksbehandler:
Odd Kristian Selboe
Telefon:
73580952

satt konsekvensene til middels negative for både naturvern og friluftsliv. DN finner derfor ikke behov for å gå nærmere inn i en diskusjon om endring av konsekvensvurderingene for disse alternativene.

For andre utbyggingsalternativer sier DN seg enig med fylkesmannen at det ikke er grunnlag for å endre konsekvensklassifiseringen fra vassdragsrapporten.

Lokale holdninger til utbygging

I SP-metodikken skal de lokale synspunktene, representert ved kommunens bestemmende organ (som regel kommunestyret) tillegges betydelig vekt ved endelig gruppeplassering. Ved lokal motstand kan prosjekter flyttes inntil 2 grupper.

Masfjorden kommunestyre gjorde i møte den 22.06.00 følgende vedtak: *"Masfjorden kommune vil at heile området i Masfjorden kommune vert plassert i kategori 2."*

Dette omfatter prosjektene A, B1, B2, B3 og B4.

Lindås kommune gjorde i møte 22.06.00 følgende vedtak: *"Lindås kommune går i mot ei utbygging etter alt. A. Ut frå ei samla vurdering vil Lindås kommune tilrå at alt. B7 Nøttveitlv må plasserast i kategori I – at den kan konsesjonsbehandlast.*

Dei øvrige B alternativa som vedrører Lindås kommune må plasserast i kategori II: at dei – inntil vidare ikkje kan konsesjonsbehandlast...."

B- alternativer som berører Lindås kommune er B2 (minimalt), B5 og B6.

Modalen kommunestyre klargjorde i kommunestyrevedtak av 12.04.00 at en utbygging av B7 - Nøttveitlva var ønsket.

DN konstaterer at forutsetningene for å endre gruppeplassering på grunn av lokal motstand er oppfylt for alle prosjektene med unntak B7- Nøttveit. På grunnlag av lokal motstand flyttes alle prosjektene, med unntak av B7 - Nøttveit, en gruppe ned.

Brev fra DN til B.K.V.

23.10.2001

Konklusjon Samla Plan

Endelig plassering - vedtak

På bakgrunn av faglige vurderinger i vassdragsrapport, høring av vassdragsrapport, fylkesmannens tilråding, har DN i samråd med NVE kommet fram til følgende gruppe- og kategoriplassering:

Prosjekt	Økonomi- klasse	Konsekvens- klasse	Gruppe	Kategori	Merknad
Alt. A - Haugsdal kraftverk	Ø2	K6	Gr. 8	Kategori II	Lokal motstand Endret konsekvens- vurdering
Alt. B1 - Storebotn kraftverk	Ø1	K3	Gr. 3	Kategori I	Lokal motstand
Alt. B2 - Kjettland kraftverk	Ø2	K3	Gr. 4	Kategori I	Lokal motstand
Alt. B3 - Haukeland kraftverk	Ø1	K4	Gr. 4	Kategori I	Lokal motstand
Alt. B4 - Haukeland kraftverk	Ø1	K5	Gr. 6	Kategori II	Lokal motstand
Alt. B5 - Nipa kraftverk	Ø2	K2	Gr. 2	Kategori I	Lokal motstand
Alt. B6- Romarheim kraftverk	Ø5	K2	Gr. 5	Kategori I	Lokal motstand
Alt. B7 - Nøttveit kraftverk	Ø1	K3	Gr. 2	Kategori I	

Følgende prosjekter er plassert i kategori I og kan derved konsesjonssøkes:

Alt. B1 - Storebotn kraftverk
 Alt. B2 - Kjettland kraftverk
 Alt. B3 - Haukeland kraftverk
 Alt. B5 - Nipa kraftverk
 Alt. B6 - Romarheim kraftverk
 Alt. B7 - Nøttveit kraftverk

Følgende prosjekter tilfredsstiller ikke kriteriene for plassering i kategori I og kan derved ikke konsesjonssøkes:

Alt. A - Haugsdal kraftverk
 Alt. B4 - Haukeland kraftverk

Samlet plan for vassdrag og eventuell konsesjonsbehandling


Vedtak om plassering i Samlet plan er i utgangspunktet prosessledende. Det bestemmer når en søknad om konsesjon for en utbygging kan behandles. En plassering i kategori I gir imidlertid ingen garanti for at konsesjon vil bli gitt. En konsesjon kan også inneholde strengere vilkår enn det som var forutsatt i SP-prosjektet.

Utfallet av konsesjonsbehandlingen vil, i langt større grad enn SP-behandlingen, avhenge av dagsaktuelle prioriteringer og føringer. Sentralt nå er for eksempel føringer lagt gjennom stortingets behandling av St.meld. nr. 37 (2000-2001) om Kraftbalansen og St.meld. nr. 24 (2000-2001) om rikets miljøtilstand.


Vassdragsplanleggingen er under endring. I 2003 er det forutsatt at Stortinget skal behandle en supplering av verneplan for vassdrag, Samlet plan og en ny runde med opprettelse av nasjonale laksevassdrag. Disse prosessene blir koordinert. De pågående prosessene, i særlig grad supplering av verneplan for vassdrag, vil påvirke videre saksbehandling av utbyggingssaker.

Haugsdalsvassdraget, Romarheimvassdraget og Nøttveitelv er foreslått inn som mulige verneobjekter ved en supplering av verneplan for vassdrag. Før eventuelle utbyggere legger ned mye arbeid i konsesjonssøknader vil vi derfor anbefale at det tas kontakt med NVE for å avklare om, eventuelt når, det kan være formålstjenlig å starte opp konsesjonsprosessen.

Med hilsen



Ola Skauge (e.f.)
Avdelingsdirektør



Morten Kielland

Nordhordaland kraftlag DA, Postboks A, 5902 Isdalstø
BKK Produksjon AS, Postboks 7050, 5020 Bergen

Kopi:

MD

OED

Lindås kommune, 5914 Isdalstø

Modalen kommune, 5729 Modalen

Masfjorden kommune, Kommunehuset, 5981 Masfjordnes

Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen

FM i Hordaland

Adm.direktør Atle Neteland,

BKK

Kokstadvegen 37,

5020 Bergen.

Gjeld BKK sine utbyggingsplanar i Haugsdalen.

Naboar har orientert oss om BKK sine planar om elvekraftverk i Haugsdalen. Det største prosjektet er temmeleg misvisande kalla Bjørneklettbotn kraftverk,men kraftstasjonen er tenkt plassert på Tverberg utmark ved Sagefossen,like ovafor innmarka på Kjetland.Slik kraftverket er prosjektert vil me som er fastbuande på bruk nr 1 på Kjetland truleg bli dei mest skadelidande viss planane blir realiserte.Utbygginga vil redusera og øydeleggja vårt naturmiljø på garden dramatisk med turrlegging av fossen vår som me har dagleg for auga frå huset og tunet.I staden skal me no få ein kraftstasjon som næraste nabo og som ei varig støykjelde,150 m frå stovedøra.Frå planlagd generasjonsbustad vil avstanden bli endå kortare.

Det var difor å venta at me hadde blitt innkalla til informasjonsmøtet som BKK heldt i august.Det burde vera innlysande at me har rett til og jamvel krav på å få vita om tiltak som grip så sterkt inn i vårt daglegliv.Av konsejonnssøknaden går det fram at BKK har drive kartleggingsarbeid på vår eigedom,t,d, fotografering, utan å informera oss om kva dei dreiv med.

Etter som me ikkje fekk høve til å koma med korkje spørsmål,synspunkt,eller protestar på eit informasjonsmøte,vender me oss til deg direkte med krav om at dette håplause prosjektet blir stoppa.Jamvel om dei nemnde skadeverknadene for vårt bruk kan reduserast ved å leggja kraftstasjonen lenger opp slik han var planlagt då prosjektet vart vurdert i Samla plan,er denne utbygginga heilt uakseptabel for bygda sett i ein heilskapleg samanheng.Me skal her få halda fram dei viktigaste grunnane til at me tek dette standpunktet.

Me veit at du er godt kjend i grenda og med dei lokale tilhøve.Men likevel eit kort tilbakesyn til det som hende sist BKK la planar om elvekraftverk i Haugsdalen for 15 år sidan.Frå lokalt hald lanserte ein då eit alternativ til BKK sitt prosjekt med utbygging av 3 mindre elvekraftverk i Haugsdalsvassdraget og sideelvar for vurdering i Samla plan.I oversendingsbrev frå DN til Fylkesmannen i Hordaland 08.09.99 er alle prosjekta førebels plasserte i kategori 1 som kan konsesjonssøkjast.Eit av desse er Haukeland Kraftverk der to alternativ,B3 og B4 vart vurderte.Om alternativ B4 som BKK no søker

konsesjon for, i forstørta utgåve, heiter det likevel alt i vassdragsrapporten at prosjektet vil gje store miljømessige skadeverknader. Etter høyringa har DN i samråd med NVE på bakgrunn av faglege vurderingar i vassdragsrapporten, høyringa av vassdragsrapporten og Fylkesmannen si tilråding kome fram til ei endeleg gruppe- og kategoriplassering. Etter denne er Alt.A Haugsdal Kraftverk og Alt.B4 Haukeland kraftverk begge plasserte i kategori 2. Dei andre elvekraftverka er plasserte i kategori 1. Denne avgjerda er kunngjort BKK i brev frå DN av 23.10.2001 der det på side 3 er presisert følgjande:

“Følgende prosjekter tilfredstiller ikke kriteriene for plassering i Kategori 1 og kan dermed ikke konsesjonssøkes:

Alternativ A -Haugsdal Kraftverk.

Alternativ B4-Haukeland Kraftverk.”

Det forundrar oss storleg at BKK no likevel fremjar ein konsesjonssøknad for eit prosjekt som i Samla plan er plassert i Kategori 2.

Ei utbygging med tunnel/røyrgate heilt til Kjetland vil turrleggja Haugsdals-elva nesten 5 km. På denne strekninga er det 5 større og mindre fossefall som til tider framleis er storfelte naturopplevingar trass i at elva er regulert. Med denne utbygginga vil alle fossane i Haugsdalselva nedanfor Storevatnet bli ytterlegare øydelagde og missa sin verdi. Masfjorden Kommune har i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune gjort ein avtale med grunneigarar på Kjetland og Haukeland for bruk av den gamle ferdselsvegen mellom gardane som ein offentlig turveg og har publisert materiell for å fremja bruk av vegen. Denne turvegen går i sin heilskap langs den delen av elva som no kan bli turrlagt, og der elva og fossane er ein vesentleg del av naturopplevinga. I følgje konsesjonssøknaden skal også store mengder tunnelmasse plasserast langs riksvegen og ei røyrgate med så stor dimensjon langs den same vegen i fleire hundre meter lengde vil heller ikkje vera nokon attraksjon. Denne røyrgata vil også skjera av/skada gamle ferdselsvegar til Bjørnekletten.

Utbygginga i Storurda på gnr.53 Tverberg med inntaksdam i Vagarhølen og regulering av denne vil hindra oppgang av laks og sjøaure til ei 2 km lang elvestrekning ovafor fossen. Der er også betydelege kulturminne i området med murar etter fyrste kraftverket i Haugsdalen og gamalt kvernhus.

Me er kjende med at BKK no står framfor ei større ombygging av Matre Kraftverk med ny maskinhall og omlegging av tunnelane frå Haugsdalsvassdraget. I den samanhengen reknar me med at Masfjorden kommune vil krevja ny konsesjonshandsaming av denne utbygginga. Då BKK fekk konsesjon for utbygging og regulering av Haugsdalsvassdraget 17/7 1953, fekk utbyggjar ikkje pålegg om minstevassføring slik det i dag er vanleg. Korvidt denne konsesjonen er tidsavgrensa og snart må reviderast/fornyast uansett er uklårt. Men etter nærare 60 år med turrlagt elv store delar av året og

dei ulemper og skadeverknader dette har medført,ikkje minst for fisket,må det vera eit rimeleg krav at konsejonsvilkåra no blir reviderte slik at elva får ei skikkeleg minstevassføring,slik alle utbyggjarar i dag får påbod om.Og det må vera ei minstevassføring som gjeld over heile elvestrekninga nedanfor inntaksdammen og som ikkje BKK kan "låna" lenger nede, eit stykke av vegen. Det forundrar oss at BKK no,samstundes som dei planlegg og står framfor ei større investering og ombygging med tanke på betre utnytting og større verdiskaping av ressursane i Haugsdalsvassdraget vil starta opp anleggsdrift på marginale prosjekt midt nede i bygda som vil redusera og øydeleggja nærmiljøet til oss som bur her.Ein må lura på om det er ei form for straff eller omkamp etter det som hende for 15 år sidan.Uansett finn me BKK sin tankegang,prioriteringar og framgangsmåte meir enn småleg.Tanken bak presentasjonen og utgreinga av elvekraftverk var vel at desse skulle byggjast ut lokalt i mindre målestokk som ei styrking av næringsgrunnlaget for dei fastbuande,ikkje at BKK som ein storaktør skulle sleikja opp den siste skvetten av elva vår og overkøyra oss enno ein gong.Me er fullstendig klår over at BKK sit med fallretten både i hovudelva og i nokre av sideelvane.Men desse fallrettane kan leigast ut til grunneigarar som i framtida ynskjer og treng den styrkinga av inntektsgrunnlaget eit elvekraftverk kan gje.Det ville vera ei framtidsretta og god løysing for lokalsamfunnet.Ei slik utbygging og bruk av ressursane har elles representantar frå BKK gjeve opning for på tidlegare informasjonsmøte.

Vårt råd til BKK er difor å skrinleggja alle planar om utbygging i Haugsdalen straks,i den djupaste skuffa de har.Konsentrer dykk om den store utbygginga ved Matre Kraftanlegg og lat folket i Haugsdalen få fred.Lat oss heller samla oss om ei felles målsetjing om å få Haugsdalselva tilbake som ei levande elv med ei rimeleg vassføring som ingen treng skjemmast over til beste for både BKK,fastbuande,fiskarar og andre turfolk.

Eit vidare arbeid for å realisera Haukeland kraftverk,alt B4, (Bjørneklettbotn kraftverk)og andre prosjekt i Haugsdalen vil berre skapa nye konflikhtar som ingen er tente med.

Kjetland 3.november 2011.

Med helsing

Marita Kjetland

Albert Kjetland

Adresse:Indre Haugsdal 490,5984 Matredal.

Vedlegg:Kopi av Brev frå DN til BKK datert 23.10.2001.

Kopi av dette brevet til Masfjorden kommune v/ordføraren